

Tradisjonell skulegudsteneste i Uskedalen.

05.12.2016



Reidar Ådnanes er prest på skulegudstenesta torsdag 20. des.,- her saman med Torild Langeland på det nye kyrkjekontoret i Kvinnherad.

Vedtaket frå Voss om å ikkje delta på julegudsteneste, har fått stor merksemad lokalt og på nasjonalt plan. Eit er stort fleirtal i landet vil halda fram med julegudstenester og rektor Lilli Britt Urheim og skulen legg opp til ei tradisjonell markering torsdag 20. desember med bruk av aktiv påmelding slik Utdanningsdirektoratet føreskriv.

Aktiv påmelding vil sei at foreldra melder borna sine på til samlinga i kyrkja. Det same må ein gjera om ein vel alternativ samling på skulen. Ingen må melda seg av. Begge tilboda er likestilte. Skulen har adventssamling kvar måndag morgen for alle klassane med lystenning, historieforteljing og song. For dei som har ulike årsaker ikkje ynskjer å delta på adventssamlinga, har skulen også her eit alternativt opplegg.

Ei skulegudsteneste før jul har det same innhaldet som ei vanleg gudsteneste, med forbøn, skriftlesing, velsigning og salmesong. Liturgien er kortare og ein opnar opp for elevinnslag.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal